

Detaljregulering for leilegheitsbygg på Grodås

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, varslar vi oppstart av arbeidet med detaljregulering for leilegheitsbygg på delar av gnr./bnr. 206/10, mellom vegen Ospesletta og bensinstasjonen på Grodås. Planen har fått tildelt plan-ID 2026001, og har eit førebels planareal på omlag 9 200 m².

Det er 3Dsmia ved Åse Bergset som skal utarbeide planen på vegne av Hornindal Eigedomsutvikling AS. Forslagsstillar og Volda kommune er samde om at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Ytterlegare informasjon om prosjektet, kopi av *Planinitiativ*, referat frå oppstartmøtet og annan relevant informasjon finn du under fana *høyringar og kunngjeringar* på Volda kommune si heimeside.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no. ***Frist for å kome med innspel til arbeidet med planen er 15. september 2026.***

